

STRAND KOMMUNE

10 JUN 2022

Arkivsak

Journalpost

U.off §

17/72

Angående Bokollektiv/bofellesskap

Hvorfor dette? Me vil ha en bedre kommune å bo i

Det er en kraftig økning i interesse for bofellesskap. Hver som helst kan starte et bofellesskap. Det kan gi trygt bomiljø med rom for både privatliv, sosialt fellesskap, samhold, avlastning for pårørende inspirasjon og gode muligheter for bedre livskvalitet når «skøpeligheten» setter inn.

Hvis en hadde fått til dette går det for eksempel an å hjelpe hverandre med forskjellig oppgaver slik som handle, koke kaffi, lage middag og vaske gulv. Det den ene kan, kan ikke den andre.

Tverrfaglige undersøkelser viser at et trivelig bomiljø bidrar til at me holder oss aktive lenger og kan utsette alderdommens sykdomsfase med flere år. Det betyr penger spart for det offentlige- Bankene flommer over av tilbud om serielån både til rehabilitering av bolig og nybygg. Seniorbolig penger spart for kommunene ½ million pr. person, hvis omsorg i eget hjem.

Bofellesskap kan ha leilighet selv eller felles kjøkken, stue og oppholdsrom. Felles soverom som kommer på besøk.

Det kan de som kjøpe- eller leier i bokollektivet bestemme hvordan de vil ha det. En må ha et uteområde, arbeidsstove, verksted, oppholdsrom, frisør bibliotek og hjemmesykepleie. Hage på taket eller gårdsrommet fordi som har grønne fingre.

Kommunen bør i større grad legge til rette for denne boformen, og til rette for tomt.

Tomten bør ligge i sentrum, slik at det er lett å gå å handle, gå på kafe, apotek, lege og bank. Være i aktivitet lengst mulig i livet. Mange har kanskje ikke bil.

Me i denne gruppen ønsker å besøke andre kommuner som har fått til denne boformen, Både det positive og negative. Me vil ha det beste.

Gruppa « leve hele livet» består av Helga, Bjørg, Ole og Kjellrun

# Bolig

NYBROTTSSARBEID

## LEILEGHEITER MIDT I SENTRUM

Vinje Pensjonistlag sine planar om sentrumsnære leilegheiter med livsløpsstandard på Rauland er vedteke i kommunestyret.

TEKST OG FOTO: ELSE BØRTE

– Dette er eit pionertiltak og nybrotsarbeid. Prosjektgruppa vår har hatt over 30 møte, seier Asbjørn Gardsjord, leiar i Vinje Pensjonistlag. Det har vore arbeidd med prosjektet «Heimdal 60+» i vel halvtanna år. Prosjektgruppa peika seg ut sjølvaste indrefileten i Rauland sentrum, ei 4,6 mål stor tomt med namnet Heimdal. Her ville prosjektgruppa byggje eit leilegheitskompleks med fellesareal og møteplassar.

**Pensjonistlaget løvde** pengar til arkitekthjelp og fekk utarbeida ei prosjektskisse for 18 leilegheiter med livsløpsstandard for personar frå 60 år og oppover. I siste kommunestyre blei rådmannen sitt framlegg om leilegheitsprosjektet vedteke med 24 mot ei røyst. Då vedtok politikarane samstundes at Vinje kommune inngår intensjonsavtale med NOBO utbygging AS (Notodden boligbyggerlag sitt dotter-selskap) om toårig opsjon på tomota Heimdal med intensjon om bygging av opptil 18 leilegheiter med livsløpstandard for personar frå 60 år og oppover.

Tettstaden Rauland ligg i Vinje kommune. Her er mange hytter, men få leilegheiter. Busetnaden er spreidd. Det er langt til sentrum for mange, og vinteren kan



vera streng i skidestinasjonen Rauland.

**Etterspurnaden etter** sentrumsnære leilegheiter blant eldre er stor. Dei vil ikkje stri med svære hus langt unna der det skjer. Åsta Østmo Kostveit (89) er ein av raulendingane som vil flytte ut av bustadhus og inn i sentral leilegheit. Ho bur i eit stort bustadhus utanfor sentrum på Rauland, og vil no til mindre leilegheit i sentrum.

– Det er ein myte at me vil «bu heime» så lenge. Å bu i eit felleskap vil vera sosialt og økonom-

**BEHOV:** Prosjektgruppa Halvor Vasshus, Geir Midtbø, Asbjørn Midtbø, Asbjørn Gardsjord, Sissel Jacobsen Bitustøy, Sindre Hestdalen og Håvard Bratland, rekna frå venstre, vil utvikle eit leilegheitskompleks som kan huse dei over 60 år. Bygget vil innehalde private leilegheiter, men også fellesareal og møtestader.

isk overkomeleg. Samtidig er det viktig med sjølvråde. Å kunne bestemme over eigne dagar, seier utesemme over eigne dagar, seier Kostveit. Ho er ikkje aleine om å tenke i dei banar. Jon Nesi bur på Møsstrond, langt unna tenestetilboda i Rauland sentrum. Han forventar ikkje å kunne få heimester to-tre gonger om dagen om han skulle få behov for det.

– Dessutan er det positivt å frigje bustadar og småbruk til unge, seier han.

**Birger Kjelingteit** tenker også på å koma seg nærmere sentrum.

# Eksempler

“

Det er ein myte at me vil «bu heime» så lenge. Å bu i eit fellesskap vil vera sosialt og økonomisk overkomeleg.

Kostveit

– Å vera nær institusjonar er viktig. Me må kunne nå kafear og helsetilbod. Å la eldre bu i sentrum, vil gjera det lettare og meir økonomisk for kommunen også. Det ville vera ein vinn vinn-situasjon for begge partar, seier han. Eystein Matheussen har ikkje tenkt å flytte frå huset sitt ennå, men han innser at det kjem ei tid for alt.

– Eg og kona bur på eit små-bruk på ei fin tomt og me vil bu der så lenge som mogleg. Me må sjølve bera ved og måke snø, men brått ein dag går ikkje det lenger, seier han.

– Pensjonistlaget ser at utflytta eigedomar elles i Rauland vil opne opp for sal eller leige til yngre personar i bygda. Målet er at bustadane vil føre til eit nytt butilbod til eldre og fleire bustadar til sals som ein positiv ringverknad for yngre, meiner Asbjørn Gårdsjord.

**Prosjektgruppa var** i 2020 rundt i Rauland og såg på aktuelle tomter. Sju ulike tomter blei vurdert ut frå ei rekke kriterium. Det blei teke kontakt med nokre grunneigarar, utan resultat. Gruppa enda opp på kommunens tomt Heimdal, som hadde dei kvalitetane ein ynskte seg og som skåra best i vurderinga etter synfaringa.

Sentrumsnært og med utsikt til aktivitet på skule, leikeplass og sentrum. I tillegg er området sett av til bustadbygging i planverket.

– Eg opplever det som kommunestyret er imponert over pensjonistlagets innsats. Dei tek ansvar for eigen aldring. Ein kan eigentleg ikkje vente seg slikt i ein utkantkommune som Vinje. Eg kjem til dekka bord, seier rådmann i Vinje kommune, Jan Myrekrok om prosjektgruppa, der fleire medlemmer tidlegare har hatt administrative stillingar i kommunen.

**Også i Notodden?** Lise Wiik, leiar i Pensjonistforbundet Telemark og leiar av Notodden Pensjonistlag, synest leilegheitsprosjektet til Vinje Pensjonistlag er svært spanande og rett tenkt.

– Det kjem ein dag der eldre ikkje klarar å måke snø og slå gras lenger. Då ønsker mange å flytte i leilegheit. Aller helst tilpassa leilegheiter i eit fellesskap. At det blir ei aldersgrense for å kjøpe, er også heilt rett tenkt, seier ho.

Wiik likar det som skjer i Rauland såpass godt at ho har arrangert eit møte mellom Vinje Pensjonistlag og eldrerådet på Notodden saman med Notodden boligbyggerlag for å fa til noko liknande i kommunen Notodden.



**VIL FLYTTE:** Eystein Matheussen, Birger Kjelingtveit, Jon Neset og Åsta Østmo Kostveit, rekna frå venstre, ser for seg ein alderdom i sentrum med kort avstand til butikkar og tenester.

**Prosjektgruppa i Vinje** er også framme i skoa når det kjem til berekraft.

– Vestfold og Telemark fylkeskommune har hjelpt oss med tips til energieffektive løysingar som vil gjera det så billig som mogleg å bu i leilegheitene, seier prosjektleiar Wilhelm Huus-Hansen i Noranergy, som har presentert nye energiløysingar for prosjektgruppa og Vinje kommune.

– Pensjonistlaget i Vinje har gjort ein kjempejobb i forarbeidet på Heimdal-prosjektet. All honnor til dei i prosjektgruppa. Dette er ein gjeng som verkeleg har stått på og gjort det enklare for oss å koma inn i prosjektet, seier Rune Finnekåsa, dagleg leiar i Notodden boligbyggerlag (NBBL). ☺